

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 17/4095-8

## **Selskapskontroll 2017 - Overordna eigarstyring - rapport**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Rapport etter gjennomført selskapskontroll av eigaroppfølginga til fylkeskommunen vert teken til vitande.

### **Vedlegg:**

- Rapport etter gjennomført selskapskontroll

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok Plan for selskapskontroll 18. oktober 2016 i FT-sak 42/16. Det første prosjektet i planen er kontroll av overordna eigarstyring.

Kontrollutvalet vedtok å bestille selskapskontroll av overordna eigarstyring 30 mai 2017 i KU-sak 25/17. Bestillinga vart sendt SF revisjon IKS 1. juni.

Prosjektplan for gjennomføring av selskapskontrollen vart vedteken av kontrollutvalet 29. august i KU-sak 33/17.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### Formål og problemstillingar

Formålet med eigarskapskontrollen var å få kontrollert om fylkeskommunen utøver sin eigarskap i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og forutsetningar og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Det vart bedt om ei vurdering av om lover, reglar og vedtak vert etterlevd i forvaltninga av fylkeskommunen sine interesser i selskapa, og om det vert gitt korrekt og tilstrekkeleg informasjon til politisk leiing.

For å få gjort undersøkingar i tråd med formålet vart det utarbeidd tre problemstillingar:

1. I kva grad har fylkeskommunen etablert ein overordna eigarstyring som er i samsvar med lover, reglar og fylkestinget sine forventningar?

2. I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til eigarskapen?
3. Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

Revisor har svart på problemstillingane i ein rapport, som kontrollutvalet mottok 8. november 2017.

#### Revisjonskriterium

KS sine «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» og retningslinjer og føringar for eigarstyring i fylkeskommunen si Eigarmelding 2016.

#### Metode

Revisor har nytta dokumentinnsamling knytt til fylkeskommunen sine rutinar og retningslinjer i samband med god eigarstyring og selskapsleiing. Det er gjennomført intervju med fylkeskommunen sine eigarrepresentantar i 4 selskap. I tillegg er det gjennomført samtaler med sentrale personar i fylkeskommunen.

#### Verifisering

Oppsummering av intervjuet vart sendt til intervjuobjekta for verifisering. I tillegg er rapporten sendt til fylkesrådmannen for verifisering og høyring.

#### Revisor sine vurderingar og konklusjonar

- Problemstilling nr. 1
  - Revisor vurderer fylkeskommunen si eigarmelding, som har vore utvikla over dei ti siste åra, til å vere eit godt dokument for ei overordna eigarstyring. Eigarmeldinga dekkjer alle KS sine tilrådingar om eigarstyring i KS sine 21 anbefalinger om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.
  - Revisor konkluderer med at fylkeskommunen har etablert ei overordna eigarstyring som er i samsvar med lover og reglar.
- Problemstilling nr. 2
  - KS skriv i sine anbefalinger om eigarskap at fylkeskommunen bør ha ein open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i dei ulike selskapa.
  - Revisor viser til eigarmeldinga pkt. 1.2, der formål med eigarskapen er referert, og pkt. 1.7 der mellom anna eigarstrategi opp mot verksemdmål er omtala.
  - Revisor konkluderer i rapporten med at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd klare rammer og formål for sine eigarstrategiar i selskapa fylkeskommunen er medeigar i. Eigarrepresentantane svarte at fylkeskommunen har etablert tydelege føringar for eigarskapen med klart formulert styringssignal.
- Problemstilling nr. 3
  - Fylkeskommunen sine rutinar for utøving av eigarstyring er å finne i Eigarmeldinga pkt. 3.4, 3.5 og 3.7. Der står det mellom anna at fylkeskommunen sin eigarskap vert utøvd gjennom den valde eigarrepresentanten i det operative organet, og at eigarrepresentanten får styringssignal frå fylkesutvalet etter drøfting mellom den enkelte eigarrepresentant og fylkesutvalet. I desse drøftingane får eigarrepresentanten informasjon om fylkeskommunen sitt mål og strategi med eigarskapen i det enkelte selskap.
  - I følgje revisor rapporterer eigarutsendingane skriftleg etter møta i eigarorgana, men fylkeskommunen har innført ei rutine slik at fylkesordførar av praktiske grunnar ikkje er pliktig til å rapportere skriftleg. Fylkesrådmannen har forklart denne rutinen i uttalen til rapporten.

Revisor skriv avslutningsvis i rapporten at fylkestinget kvart år mellom anna må ta stilling til om:

- Eigarmeldinga som styringsdokument inneheld dei opplysningar som fylkestinget treng for å utøve eit aktivt og godt eigarskap

- Eigarmeldinga inneheld dei retningslinjer og rutinar som er nødvendig for at dei skal kunne utøve ein god eigarstyring.
- Fylkestinget som eigar har behov for utarbeiding av meir utfyllande, skriftlege strategiar/retningslinjer/instruksar for enkelte selskap.
- Fylkestinget har behov for at det vert utarbeida skriftlege risikoprofilar som grunnlag for viktige avgjerd dei som eigarar må ta for enkelte selskap.

#### Uttale frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen har i sinn høyringsuttale kommentert eit par punkt i rapporten, mellom anna rutinen med at fylkesordførar av praktiske grunnar ikkje er pliktig til å rapportere skriftleg etter møte i eigarorgan som eigarutsending.

Fylkesrådmannen skriv også i uttalen at han går ut frå at kontakten og eigarutøvinga mellom eigarutsendinga til selskapet, som for inneverande periode er leiar i HNK, og Sogn og Fjordane teater er i samsvar med punkt 3.4, 3.5 og 3.7 i eigarmeldinga.

Fylkesrådmannen skriv avslutningsvis at han ikkje kan sjå at rapporten gjev grunnlag for endringar i fylkeskommunen sine rutinar eller retningslinjer for utøving av eigarskapen.

## **4. Konklusjon**

Revisor skriv i si oppsummering at fylkeskommunen har etablert ei overordna eigarstyring i samsvar med lover og regler. Det er ikkje avdekka vesentlege avvik mellom fylkeskommunen sine retningslinjer og rutinar knytt til eigarstyring og KS sine anbefalingar. Det er kome på plass gode rutinar for kompetansebygging av dei folkevalde slik at dei kan utøve ein god eigarstyring og eigaroppfølging. Det er utarbeidd klare formål og rammer for fylkeskommunen sine eigarstrategiar i selskap ein har eigarinteresser i, og revisor skriv også at undersøkinga viser at fylkesutval og fylkestinget får tilstrekkeleg informasjon om fylkeskommunen sin eigarskapsoppfølging.